

Svar på spørsmål frå Brosvik (Krf) - Skuleveg ved Leiknes skule i Alver

Brosvik frå Krf stilte i e-post frå 12. februar spørsmål om skulevegen på Leiknes, fv. 5452 i Alver kommune. Bakgrunnen for spørsmålet er ei bekymringsmelding frå ei bekymra mor. Brevet ligg vedlagt.

Brosvik skriv :

Er vegen prioritert i trafikktryggingsplanen til Alver kommune, og er det planar om utbetring av denne vegen frå fylket si side?

Når skulevegen i utgangspunktet er smal, og vi har snørike vintrar med brøytekanter. Kva avtalar har vi må med kontraktør om vegbreidde som skal vere brøyt? Dette vil eg tru er eit generelt problem på fylkesvegane våre, og særleg der der skuleborna ikkje har gangveg, eller vegskulder, å gå på fram til busstopp.

Fylkesdirektøren sitt svar til Brosvik.

Saman med Alver kommune, lensmannskontoret i Nordhordland og Statens vegvesen, er Vestland fylkeskommune no i gang med ei eiga trafikksikringsutgreiing for Leiknes skulekrins. Arbeidsgruppa skal saman med skulen, barnehagen og velforeningar finne fram til stadar der det er, eller der det blir oppfatta å vere, trafikkfarleg, vurdere desse og foreslå både kortsiktige og langsiktige tiltak, samt utføre strakstiltaka innan ein 2-årsperiode. Utgreiinga skal vere ferdig til hausten. Det er satt av kr 0,5 mill. kr til strakstiltak i 2021 og det vil bli vurdert ytterlegare tiltak inn mot budsjettprosessen for 2022. Utover dette er det ikkje konkrete planar om utbetring av fv. 5452.

Alver kommune har ikkje utarbeidd ein eigen trafikktryggingsplan. I Lindås kommune sin trafikksikringsplan for 2017-2020 er utbetring av vegen, inklusiv fortau, prioritert som nr 3 av totalt 13 fylkesvegtiltak med kostnadsramme under 10 mill. kr. Fylkesdirektøren meiner at dette er ein urealistisk låg kostnad for ei vegutbetring på rundt 1,1 km. I trafikksikringsplanen er det også prioritert 9 fylkesvegtiltak med kostnadsramme mellom 10 og 50 mill. kr, samt 6 fylkesvegtiltak med kostnadsramme over 50 mill. kr.

I avtalane med entreprenør om drift av vegnettet så skal det brøytast så langt ut som skulder er køyresterk, og det vil som regel seie kvitstripa pluss litt til. Kontrakten er dimensjonert for å fjerna snø ved «normal vinter» (årleg ryddebehov). I år har det vore mykje snø, som då kan medføre redusert gå- og køyreareal for ein kortare periode. Ut frå byggherren sine observasjonar og entreprenøren sin eigenkontroll meiner vi at det har vore akseptable forhold på strekninga.